



Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar i Meland kommune

Revidert i KS-122/2017, den 13.12.2017

Gjennom tilskot til ålmene kulturføremål vil Meland kommune vere med å stimulere til positive kultur-, idretts- og friluftslivsaktivitetar.

1. Generelle vilkår

- a) Frivillige grupper, lag, organisasjonar kan søkje. Enkeltpersonar kan søkje tilskot til (1) kulturminnevern eller (2) for uformelle grupperingar etter særskild vurdering.
- b) Tiltaka og driftsoppgåver må støtte oppunder lokalt kulturliv i kommunen, og sørgje for gode høve for tilbod, oppleving og deltaking for innbyggjarane i kommunen.
- c) Tiltak retta mot barn og unge vert prioritert.
- d) Aktivitetar og tiltak går framfor drift.
- e) Tilskotsmottakarar skal gje gratis tilgang for følgjepersonell til sine aktivitetar for personar med følgjekort, jf. KKO-106/95.
- f) Tilskotsmottakarar skal ta omsyn til miljøet, jf. kap. 2.3 i Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019.
- g) Ein kan krevje søkjar for etterrapportering av tildelte midlar ved behov.
- h) Tilskot vil verte kravd tilbakebetalt dersom ikkje grunnlaget for tildelinga lenger er til stades, dei generelle vilkåra er brotne eller tiltaket ikkje har vorte gjennomført. Brot på vilkår vil kunne få konsekvensar for seinare tildelingar.

1.1 Ålmene kulturmidlar

Dei ålmene kulturmidlane blir tildelt etter søknad éin gong årleg, med søknadsfrist 1. mars

- a) Tilskot til andre lag
- b) Tilskot til barne- og ungdomsarbeid
- c) Tilskot til forsamlingshus
- d) Tilskot til friluftslivstiltak
- e) Tilskot til idrett og drift av idrettsanlegg
- f) Tilskot til kulturminnevern
- g) Tilskot til leikeplassar
- h) Tilskot til song og musikk

I vurderinga av søknadane skal ein leggje vekt på det følgjande:

- Aktivitetsnivå
- Tal på medlemmar som er busett i Meland og særleg barn og unge
- Ein eigeninnsats som står i høve til driftsutgiftene.

Det er eit krav til søknaden at søkjar kan dokumentere:

- Drift av laget/organisasjonen/aktiviteten ved årsmelding og rekneskap
- Budsjett, finansieringsplan, skildring og kort behovsvurdering av tiltaket ein søker tilskot til

1.2. Kulturmidlar – løpande tildeling

Ein kan søkje til mindre tiltak heile året, til tiltak detaljert under punkt A-E. Øvre tilskotsgrense er kr 10 000. Tilskota skal nyttast til prosjekt, tiltak og aktivitetar. Driftstilskot vert ikkje tildelt over denne ordninga.

A: Underskotsgaranti kulturarrangement

Ein kan søkje om underskotsgaranti til kultur- og idrettsarrangement tilskipa av lag, organisasjonar eller andre frivillige samanslutningar. Arrangementet skal vere ålment, og ikkje vere budsjettert med underskot. Tildelt garanti er eit øvre beløp, og endeleg tilskot vert utbetalt etter rekneskap for arrangementet er levert.

B: Leiaropplæring og kompetanseheving

Lag og organisasjonar kan søkje om tilskot til kursutgifter til leiaropplæring og kompetanseheving med opp til kr 1 000 for kvar av opp til ti deltakarar i året. Tilskot vert utbetalt når kvittering for betalt kursavgift eller bindande påmelding er levert.

C: Ung Prosjektstøtte

Ungdom frå 13 til 19 år kan søkje tilskot til sine kultur- og idrettsprosjekt, til dømes dans, musikk, kunst, foto, design, idrett, eigenorganisert aktivitet eller friluftsliv. Både enkeltpersonar og grupperingar av ungdom kan søkje. Tilskotet vert utbetalt ved tildeling, og det skal leverast enkel rapport innan 3 månader.

D: Deltaking i konkurranse

Ein kan søkje om tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale meisterskap innafor kultur- og idrettsfeltet. Tilskotet vert utbetalt etter rekneskap er levert.

E: Andre søknadar

Ein kan etter særskild vurdering yte tilskot til andre tiltak innafor kultur- og idrettsfeltet. Tiltaket må støtte oppunder lokalt kulturliv i kommunen, og sørgje for oppleving, inkludering og deltaking for innbyggjarane i kommunen. Søklarar skal i hovudsak nytte ordninga med den ålmenne tildelinga med frist 1. mars, eller Kulturstipend/Idrettstipend.

1.3 Jubileumsgåver

Lag og organisasjonar kan få tildelt ei gåve i samband med jubileum etter følgjande føresegn:

- a) Jubileum ved faste intervall på 10 eller 25 år, etter 25 års drift – kr 5 000
- b) Mindre jubileum – kr 2 000
- c) Etter særskild vurdering kan ein yte jubileumsgåver opp til kr 10 000. Dette skal gjerast i samråd med Ordførar.

2. Handsaming av søknadar og gåver

Rådmannen får fullmakt til å handsame søknadar under punkt 1.2 A-E etter gjevne satsar opp til kr 10 000, samt tildele jubileumsgåver etter punkt 1.3. Søknadar til ålmenne kulturmidlar, jf. 1.1, skal leggjast fram for Utval for levekår etter eit formøte mellom representant for tenesteområde kultur og leiar og nestleiar i utvalet. Meland idrettsråd er høyringsorgan for tilskot til idrett og drift av idrettsanlegg. Meland ungdomsråd er høyringsorgan for tildeling av dei ålmenne kulturmidlane.